

FUGLANE

i mytologien



Dokumentarfilm, 50 min.

Idé og fagleg ansvarleg: Gunnar Bergo

Regi: Frode Fimland

Produsent : FIMfilm ved Frode Fimland.

Co-produsent: NRK

I den norrøne mytologien var Midgard menneska sin heim. Her voks eit tre - Yggdrasil - som var verdens sentrum.

Ørna sat i toppen av verdstreet og vart sett på som mellomleddet mellom himmel og jord - og bindeleddet til gudane. Fuglane kunne varsle om vær, lykke, ulykke og død.

Med moderne vitskap har mytane om fuglane sakte blitt borte. Men har vi samstundes mista ein viktig forbindelse til naturen og ei folketru som har hjelpt menneske til å overleve gjennom generasjonar ?

Synopsis

Fuglane er fortellinga om relasjonen mellom menneske og fuglar fortald gjennom menneske som på ulikt vis lever tett på naturen og fuglane, og som bruker fuglane sine teikn i kvardagen. Kunnskapen og mytane rundt fuglane har vorte overlevert gjennom generasjoner, og i filmen vil nokre av segna og folketrua dramatiserast og forteljast gjennom våre hovudkarakterar.



Jimmy Øvredal (Bonde, poet og fugleteikn-tydar)

Handling:

FUGLANE følgjer ein bonde, ein fiskar, ein værprofet og kanskje ein reindriftsame som har eit særskilt nært forhold til fuglar og mytane kring dei. For våre karakterar er teikna frå fuglane et reiskap i kvardagen som hjelper dei med å maksimere avlinga, leite etter fiskestimapane, jakte på ville dyr eller tyde været.

Handlinga vil veksle mellom situasjonar i notid og ei mytisk fortid som vi vil visualisere med ein miks av naturfilm, droneopptak, gamle teikningar og animasjon som m.a. levandegjer overgangen frå fortid til notid.

Filmen skal utforske trua på fuglane si kraft: Kan det ligge rasjonelle eller biologiske forklaringar bak, eller er det berre overtru?

Visuell stil

Filmen vil ha eit hybridformat med ein klassisk dokumentarfotelling i botn, kombinert med fiktive scener av folkesegn, myter og folketru (til dømes dramatiseringa av segnet om Skjeggedalsfuglen). Vi vil nytte animasjon både i kombinasjon med live action og i reine animasjonssekvensar (til dømes ei trollkjerring som skapar seg om til ein tiur, eller Odin som skapar seg om til ei ørn når han skal stele livsdrykken. Vi har enno ikkje bestemt type animasjon, dette er noko som vi ynskjer å utforske i utviklinga av filmen.

Filmen vil ikkje følgje årstidene, men likevel bruke viktige hendingar i hovudkarakterane sin årssyklus som bonden sin innhausting, årets fyrste skreifiske eller flytting av rein. Vi har begge tilhald i Hordaland så det aller meste av filmopptak er og vil bli utført her.

Biolog Gunnar Bergo (som hadde idéen til filmen) har filma fuglar gjennom ei årrekke. Vi kommer til å nytte oss av fleire av desse opptaka. Vi kan også nytte det vi vil få fra NRK sitt arkiv.

Scener med våre karakterar vil regissøren filme, slik eg har gjort det i tidlegare produksjonar.

Bakgrunn

I tidlegare tider levde menneske tettare på naturen og sökte ofte forklaringar på hendingar som dei opplevde i kvar dagen. Jegeren, fiskaren og bonden var avhengige av å kunne tyde været for å få eit best muleg utbytte av jakta, fisket og jorda. For urmennesket som ikkje hadde språk eller verktøy måtte fuglane synes overlegne der dei kunne flytte seg over store avstandar, høgt mot himmelen.

Folketrua kunne variere mellom ulike bygdelag og varsla var ofte tvitydige, men ein finn likevel mange fellestrekk, også når vi går ut i verda.

Før i tida - då folk ikkje hadde vêrmelding å forholda seg til - fikk dei sine vertegen gjennom teikn frå naturen. Dei såg på korleis fuglar og dyr oppførte seg, på skyer og andre verteikn for å kunne danne seg eit bilde om korleis veret kom til å verte. Fleire stader nordpå var det vanlig å henge ein tørka torsk i taket. Folk meinte at fisken hadde ein eigen evne til å dreie mot vinden og kunne lenge før det ble omslag i veret fortelle om det kom uver.

Dyr skal vere betre til å kjenne vêromslag enn mennesket. Tek lommen til å skrike, blir det gjerne regn. Hakkespetten og tårnsvala skrik mot regn, vert det sagt. Ekspertane har ikkje trua på dette, og meiner skrikande kråker ikkje betyr noko spesielt i høve til kva vær vi får.

Eigenskapar som menneska hadde tidlegare vil naturleg verte raskare svekka når vi ikkje treng desse for å overleve. Både syn, hørsel og luktesans hjå menneska er derfor er gjennom generasjonar blitt redusert medan dyra/fuglane har sine sansar i behald eller til og med vidareutvikla dei.

Dyra sine sansar er derfor mange gonger sterkare enn menneska sine sansar. Ørnene ser kanskje opptil 10 gonger betre enn mennesket, medan uglene kan sjå i mørket og har ein langt betre hørsel enn vi har.

Med aukande grad av urbanisering og folkeopplysning forsvinn gjerne mykje av folketrua ut av det daglege livet. Vi er no truleg den siste generasjonen som enno kan formidla deler av denne kulturarven.

Er det noko realisme i det folk trudde på eller er det berre overtru og mytar?

Vi kan dele våre historier opp i desse hovudgruppene:

MYTER : kulturell eller religiøs fortelling som er munnleg overlevert.

SEGN : korte forteljingar som har levd på folkemunne frå ætt til ætt. Eit segn er oftast tids- og stads bestemt, og det opptrer svært ofte namngitt folk i handlinga.

FOLKETRU : vanlige folks magiske og mystiske førestillingar og slutningar som ikkje fell saman med førestellingsverden i aksepterte religiøse samfunn, eller som faller utanfor vitskapeleg erfaring.

Varsel – basert på folk si tru (uglene varslar død)

Merke – basert på folk sine erfaringar (svalene flyg høgt i godvêr)

Menneskelege karakterar

Vi har funne nokre av karakterane, men ikkje alle hovudkarakterane. Dette er noko av det vi ynskjer å gjere i utviklingsprosjektet. Dette er ein av hovedkarakterane:

Jimmy Øvredal

Jimmy er ein bonde, poet og jeger som også har vore lærar før han pensjonerte seg. Jimmy har alltid interessert seg for fuglar og mytane kring dei. Ved hjelp av kunnskapen om fuglane har han også dratt nytte av dei og varsla deira. Med ein særprega utsjånad i Ringenes Herre-stil, lun humor og imponerande kunnskap

Forskar kan kommentere historiene som vi presenterer og det er mange også i dag som let seg fascinere av desse flygande skapningane.

Dyrekarakterar

Ramnen er den største av kråkefuglane og er i nær slekt med kråka og skjora. I tidlegare tider ein sky fugl og fanst i relativt små førekomstar i skog- og fjellandskapet.. Alt- etande og flink til å tilpassa seg. Bestanden har mange stader auka ved at den lever på avfall frå menneska si overflod. Ungfuglane som normalt har stor dødelegheit dei først vintrane kan no overleve på søppelplassane Alt i mars legg den eggja sine i eit kvistreir opp i bratte fjellveggen. Ramnen har tilpassa seg og blitt mindre sky, men ikkje mindre klok.

Myter, segn eller folketru

Ramnen er kolsvart og symbol på døden. Den et åtsel, har ei kraftig stemme og er kanskje den mest intelligente av fuglane. Og den kan herme etter andre fuglar og menneske. Dette er truleg medverkande til at den har fått ein heilt sentral plass i mytologien.

Folk meinte at ramnen plasserte reiret sitt utilgjengeleg frå folk for å skjule at ramnungen var kvite dei første dagane etter dei vart klekt.

Dersom nokon såg dei kvite ungane måtte mora flyge til Kristi grav for å hente ramnestenen (stor som eit ramne-egg) – den gjorde ungane usynlege.

I Valdres meinte dei derfor at dersom ein tok denne steinen i ravnereiret – og i munnen skal ein bli hyld – usynleg (så lenge steinen er der)

Ravnemor – «ei därleg mor som ikkje tek vare på ungane sine». Sidan ungane er kvite vil ikkje mora vite av dei og forlet reiret. Folk meinte ungane overlevde likevel pga mykje åtsel i reiret. Men er ravnemora ei därleg mor ?

Ravnane til Odin er nok dei mest kjente fuglane i den norrøne mytologien. Hugin betyr tankar, peker framover og Munin erindring, peker bakover i tid. Hugin og Mugin flaug vidt og breitt og kom tilbake med nyhende. Dei kunne sjå inn i framtida og varsle ulike hendelsar, ofte om død. Flaug dei over hus var det varsel om død. Og slåss dei varsla dei lik. Ravnane var symbol for død og lik men og for kamp og seier. Og dei kunne varsla uvær og kvar jegerane kunne finn sitt bytte.

KRÅKE

Kråka var og ein god ver varslar. Skrek den myke vart det gjerne uvær på sjøen og mange gjorde derfor vendereis. Men dersom den gav lite lyd og lo var det teikn på bra fangst. Flaug den utover havet på kvelden vart det fint vær, flaug den mot land vart det storm.

Gjekk kråka tidleg til ro vart det uvær.

Såg ein kråke i høgfjellet vart det fint ver

Den var klok - kråkene samlar seg gjere i flokkar og held ting- kråketing.

SKJOR

Fakta:

Tidlegare typisk tun- fugl på gardane. Er ofte ikkje meir enn 100 m mellom nabopara. Som sin større slektning ravn er den ein altetande fugl som er flink å tilpasse seg. Reiret er m.a overbygd og solid- som oftast eit godt vern mot kattar og kattugla.

Myter, segn eller folketru

Skjora som tun fugl ; betydde lykke om skjora bygde reir i tunet. Når den sat på hustaket og skratta varsla den framande – ofte sladre kjerringar. Dersom den forsvann tyda det på brann.

Dersom skjora sette seg nær ei kvinne tyda det på at ho var ei trollkjerring.

Dersom ein drap ei skjor kunne ein bli sjuk og dø.

Bygger den reiret høgt blir det godt tørr og fin sommar.

Bygger den reir tidleg- blir det tidleg vår. Legg den mange egg blir det fin sommar.

Dersom den badar blir det styggevær

Sjæreskrik betyr godvær

Spikre skjor på låven som eit kors - heksene skulle halde seg borte frå dyra

Stele som ei skjor - omskapte menneske som likte sølv

Havørn

Fakta:

Vår største rovfugl. Hjå rovfuglane er hoa størst og sjefen i paret - som oftast held dei saman heile livet. Vart tidlegare rekna som ein skadefugl då folk meinte den tok ta lam og kje. Vart derfor jakta på til like med dei store rovdyra. På første halvdel av 1900-talet ført staten ein aktiv kamp mot rovdyr og ørnebestandane av både havørn og kongeørn var på eit lågmål då dei begge vart totalfreda i 1968.

Seinare undersøkingar har vist at havørn ikkje gjer skade på små fe eller rein, men at den er ein utprega åtseletar og jaktar på fisk og sjøfugl.

Kongeørn

Fakta:

Litt mindre enn havørna men meir aggressiv og som regel dominant over havørna. Også ein langt raskare og betre jeger enn havørna . Kan ta lam, kje og reinskalvar og staten betalar derfor årleg ut erstatning til m.a. sau eigrarar som har synleggjort at ørna har gjort skade. Lever i hovudsak av ryper og hare, men går som havørn også lett på åtsel, spesielt i vinterhalvåret. Vi har no ca. 1000 par over heile landet.

Myter, segn eller folketru

Kongeørna kan ta lam og kje – og før meinte ein og at ørna også tok små barn. I Modalen spikra dei ørn på veggen for å beskytte buskapen mot rovdyr

Hans Strøm fortel i sine beretningar til kongen på 1760 talet om at ørna også kunne vera ein nyttefugl ved at ein kunne skrape den gule huda på ørnefoten og bruke pulveret som medisin mot gullsot

Myter og folketru

I folketrua på Shetland heitte det seg at vinden kom frå ørna som flaug. Mange verteikn om torden og vind var knytt til ørna som med sin størrelse og imponerande flygeevne hadde sin spesielle plass i mytologien. Den sto over alle fuglar og vart forbunde med både lykke og ulykke.
I den norrøne mytologien var ørna knytta til solguden Odin. Dette finn vi også igjen i Hellas der ørna var fuglen til solguden Zeus. Og i India var ørna solguden Vishnus sin hjelpar og vernar.

I den norrøne mytologien heiter det om verdstreet Yggdrasil at « ørnas ord skal ekornet bera ned til ormen Nidhogg ved rota. Ørna var Odin sin visdomsfugl.

Odin var trollkyndig og kunne skifte hamn frå menneske til fugl – som då han stal livsdrykken (suttungmjøden) og flaug tilbake til gudeheimen i ørnehamn.

Både ørna, ramnen men og dei mindre slektingane kråke og skjor vart sett på som heilage fuglar. I opphavet hørde dei til gudane, men etter kristendommen vart innført fekk dei meir tvitydige roller. Dei vart m.a. sett på som fandens fuglar - trollfuglar

I folketradisjonen heiter det at ørna dør ikkje. Når den blir gammal sirklar den høgt opp til vingene blir brent av sola – slik at den fell ned og blir forvandla til ung att.

Og om ørnungane heiter det at dersom dei ikkje klarar å sjå på sola utan å blunke – så dør dei. Ørnemora testar dette ved å plassere ungane i reiret mot sola. – dei som blunkar får ikkje mat og veks ikkje opp – Forklaring i dag ; Cain og Abel !

Når sjøfarande drøymde om 2 ørner vart det storm.

Når ørna viser seg på vinteren blir det regn

Lyn når ørna stupte ned frå himmelen(det guddomlege) kom med bodskap- tok døde sjeler i retur.

Eit eksempel på at ørna varsla lykke var at dersom ørna flaug over deg skal du få øl om kvelden (ølfugl).

Folkemedisin; dersom ein drakk galle frå ørn kunne ein få eit skarp blikk

Ei typisk segn

I Skjeggedal vart det født ein gut på underlig og dramatisk vis i 1847. Han heitte Daniel men vart kalla Skjeggedalsfuglen. Han hadde krum nase og var nesten utan hake. Han vagga både sidelengs og framover når han gikk. «Han var son av ei ørn», sa folk.

Ein sommardag året før Daniel vart fødd var foreldra i ferd med slåttarbeidet i det karrige landskapet. To mindreårige jenter passet på et lite gutebarn som låg i eit pledd på bakken. Plutselig skreik jentene opp. En svær ørn hadde

teke veslegutten. De varsla foreldra, men ørnen med det vesle barnet var alt høgt oppe i lufta og snart vart fuglen og barnet borte.

I dagane som kom vart det gått manngard i dei ville fjella i Tyssedal. Folk kom frå nabobygdene og deltok. Men dei fant ingenting. Barnet var borte.

Faren til barnet hadde haglgevær med seg ut når han arbeidde – for han ville skyte ørna dersom sjansen kom. Kona var heime - og ho var gravid når det forferdelige skjedde. Mannen fikk auge på ørna og kom så nær den at han fekk skote ho. Han greip den digre fuglen og drog heim, slengte den på golvet framfor kona som fikk sjokk. Kona som var høg-gravid kvapp av hendelsen så ho vart därleg i lang tid

Kort tid etter fikk kona en son. Han fikk namnet Daniel og vaks opp som ein underlig gut. Han såg ut som ein stor fugl med stor og krum nase. Han fikk tilnamnet Skjeggedalsfuglen. Det var kanskje ikkje så rart for han likna på ein stor fugl . Som voksen la han seg til fullskjegg for å skjule sin manglande hake. Om sommaren rodde han turister på Ringedalsvatnet og han song for dei.

Om oss

Frode Fimland

Utdanna ved medielinja på Høgskulen i Volda 1984-86. Jobba med video- og TV-produksjon i Bergen siden 1986, i hovedsak som TV-fotograf og produsent.

Utvalgte dokumentarer:

«Norskekysten» (10 episoder, NRK 2011), foto på en serie fra Grense Jakobselv til Svenskegrensen

«Kulejenter» (6 episoder, NRK Super 2011), del 2

«Vesterhavssøyene» (NRK 2013), foto på NRK serie.

«Søsken til evig tid» (TV2 og kino 2013) foto, regi og produsent

«KOR i verda» (NRK mai 2015) foto, regi og produsent

Søsken til evig tid – Amerikareisa (Kino nov 2015/ TV2 feb. 2016) regi/produsent

Gunnar Bergo

Gunnar står bak idéen til dokumentarfilmen. Han bur på Voss, er utdanna biolog og arbeider i dag som plan- og miljøvernsjef i Voss kommune. Han har m.a. tidlegare vore forskar på ørn og fylkesmiljøvernsjef hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Han har dei siste 30 åra drive med naturfilmfotografi på fritida.